Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Gransherad.

Emne: — Bygdelag: Midtbygda.

Oppskr. av: H. T. Wårsluten. — Gard:

(adresse): Gransherad. — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.

I. Haringfela har vore lengje kjend i Gransherad.
Me kallar ho for „fela". og dei ymse delane kallar me: bott - hosk - låk - skalle - frambru - bakbru - natehest eller natestol - Gjøpinne - bosbjelke - Gjøhol - stillepinne - boga -

II. Nei. Det er stor interesse for fela her, og det lever enda nokre av dei gamle bygde-spelemennene her. men det har aldri vore nokon sers flinke spelemenn her.

III. Dei fyrste felene som kom til bygdi var vel helste laga av Erik Helland Gunnar Helland og Sinar Olaf Helland. men det er og nokre Steinkjånndal feler her, både av Knut og Jon. Endeleg har me nokre Sandland-feler. Nå brukar dei mykje

1317

Wiuaasfeler. O. K. Wiuaas som er vaskeekte Granshering er flink felemakar. han har laga over 200 hardangerfeler nokre flatfeler og langleikar. Han er nå over 70 år men er framleis og finne påå felemakarverkstaden sin.

IIII. Wiuaasfelene er fine på form fint rosa. dei er klangfulle og gode og spela på. Måla er for den vanlege storleiken l 36-62 b. 20.5 h. 3.7 cm men han lagar også ein dei mindre feler.

V. Wiuaas bruka før mykje tysk lönn, men nå bruka han av og lönn av heimetyke i botn- grån (gamal fjellgrån) i lokel og lönn eller björk i skallen.

VI. Det kan eg ikkje svara på!

VII. a) Tarmstrengjer.
b) her i bygdi har me alltid bruka „Fanitullen" strengjer, dessi vert laga av K. G. Rudi. Valdres.
c) det får K. G. Rudi svara på!

VIII. Nei.

IX. Av dei eldre spelemenn som eg har sett, så held dei fela mot brystet. dei yngre derimot held fela upp til haka



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei nyttar mykje fela i brudlaup på Stemne og til vanlege dansefestar.

X. Det vert laga nokre feler med 5 understrengjer. men det vanlege er 4.

XI. Skal dei vera sers fine så er dei belagd med perlemor både rundt låket og bakta i Gjakola skallen og Stillepinnane

XII. Nei det veit eg ikkje.

XIII. Nei. det er bare vanlege naklespelemenn, som me kallar dei.

B.

1. Det er serlig trekkspele som blir nytta her i bygda, det blir desverre nytta meir hell fela.

2. Det er fleire som rakear og spelar trekkspel her.

3. Ja det må sjølsagt vera moderne musikk skal det vera noko less?!

E. Det kan eg ikkje svara på.

D. — ✓ — ✓ —